

## **Barne- og likestillingsdepartementet**

### **Politikken for menneske med utviklingshemming**

I programmet *"Mennesker med utviklingshemming skal heller ikke diskriminerast! Informasjons og utviklingsprogram 2010 – 2013"* (Q-1176 B) blir retningslinene for politikken for menneske med utviklingshemming presisert. Det gjerast m.a. greie for arbeidet med statlege tiltak som vil kunne hjelpe kommunesektoren til å gjennomføre politikken på sine område betre.

[Les meir her](#)

### **Rundskriv om universell utforming**

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har utarbeidd eit rundskriv som klargjer korleis plikta til universell utforming i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova er å forstå (rundskriv Q-29/2010).

[Les meir her](#)

Plikta er gjeven i diskriminerings- og tilgjengelegheitslovens § 9 og rettar seg mellom anna mot publikumsretta verksemder som forretningar, restaurantar, kinoar og offentlege kontor. Slike verksemder skal sikre at lokaler og areal som er meint for publikum er universelt utforma. Rundskrivet gjev eksempel på kva plikta inneber, kva som kan krevjast av verksemndene, korleis dei kan arbeide aktivt og målretta, og korleis saksgangen i ein klagesak etter diskriminerings- og tilgjengelegheitsloven kan vere.

### **Internkontroll i kommunalt krisesentertilbod**

Det følgjer av lov om kommunale krisesentertilbod § 8 at kommunen skal føre internkontroll for å sikre at verksemndene og tenestene som er omfatta av krisesentertilboden utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsette i lov og forskrift. Kommunen må kunne gjere greie for korleis ein oppfyller denne plikta. Til hjelp i arbeidet er det utarbeida ein rettleiar for kommunane om internkontroll.

[Les meir her](#)

### **Satsing på kommunalt barnevern 2011**

Stortinget har løyvd 240 mill. kroner til ei øyremerka styrking av barnevernet i kommunane. Fylkesmannen vil dele ut midlane etter søknad frå kommunane. Nye stillingar skal ha hovudprioritet, men kommunar som har nok stillingar kan søke om midlar til enkelte andre tiltak som styrker barnevernet. Det er laga eit rundskriv til kommunane om satsinga.

[Les meir her](#)

## **Helse- og omsorgsdepartementet**

### **Nasjonale mål og hovedprioriteringar i 2011**

Meininga med rundskrivet er å gi kommunane, fylkesmannen, de regionale helseføretak og fylkeskommunane samla informasjon om nasjonale mål og hovedprioriteringar.

[Les meir her](#)

### **Ny forskrift om praktisk teneste for å få autorisasjon som fysioterapeut**

Med heimel i forskrifta § 19 har Helsedirektoratet utarbeidd nye retningslinjer for turnustenesta. Siktemålet er å gi turnusstader i kommunar og helseføretak, turnusfysioterapeutar, turnusrettleiarar,

[Les meir her](#)

fylkesmenn og studentar informasjon om krav til faglig innhald, administrering og valordning i turnustenesta.	
<b>Rettleiar forskrift individuell plan</b> Rettleiarene erstattar ei eldre utgåve til same forskrift. Den gjeld kommunen og helseføretaka sitt tilbod til personar med behov for langvarige og koordinerte tenester.	<a href="#">Les meir her</a>
<b>Rettleiar for helsetenestetilbodet til asylsøkarar, flyktingar og familiegjenforente</b> Rettleiarene erstattar ein eldre rettleiar om same tema. Det er usikkerheit i utøvande tenester om rettstilstand og kven som skal betale for kva for dei ulike gruppene. Rettleiarene klargjer ein del slike spørsmål.	<a href="#">Les meir her</a>
<b>Frivilljug underlivsundersøking</b> Nytt rundskriv om tilbod på landsbasis om samtale og frivillig underlivsundersøking til jenter/kvinner med bakgrunn frå land der kjønnslemlesting vert praktisert.	<a href="#">Les meir her</a>

## Kommunal- og regionaldepartementet

<b>Startlån</b> Låneramma til Husbanken for 2011 er sett til 15 mrd. kroner. Innanfor låneramma er startlån til unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden prioritert.	<a href="#">Les meir her</a>
<b>Arbeidet mot bustadløyse</b> Arbeidet mot bustadløyse har førsteprioritet innanfor Husbanken sitt bustadsosiale arbeid i 2011. Husbanken skal fortsetje sitt strategiske arbeid med bustadsosialt samarbeid med kommunane, og rette storparten av ressursane mot dei kommunane som har størst bustadsosiale utfordringar. Kommunal- og regionaldepartementet viser til lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga der det vert presisert at Fylkesmannen skal føre tilsyn med at kommunane oppfyller pliktene sine etter kapittel 4, medrekna § 27 mellombelse butilbod.	<a href="#">Les meir her</a>
<b>Prop. 115 L (2009-2010) Endringer i burettlagslova mv.</b> Endringar som sett forbod mot å etablere såkalla låginnskotsburettslag vart sett i verk frå 1. januar 2011. Fellesgjelda i burettslag skal no ikkje vere på meir enn 75 pst. når eit nytt burettslag vert stifta. Samstundes skal kjøpar sikrast opplysningar om totalpris på bustaden. Det er óg innført forbod mot såkalla "spekulasjonskjøp", som mellom anna inneber at eigedomsselskap ikkje kan spekulere i å kjøpe og selje burettlagsbustader frå utbyggjar. Det er vidare sett ned eit forbod mot å etablere festeforhold på utbygde eigartomter.	<a href="#">Les meir her</a>
<b>Ny byggjesaksdel i plan- og bygningslova</b> Ny byggjesaksdel i plan- og bygningslova og nye byggjeforskrifter vart sett i kraft 1. juli 2010. Nye reglar skjerpar krava til kvalitet på både bygg og byggjeprosess. Nye bygg skal til dømes ha meir klima- og miljøvenlege løysingar og vere tilpassa folk i alle aldrar og livssituasjonar. Nytt er også at ein kan få opp til 400 000 kroner i gebyr for å bryte byggjereglane. Vidare er det krav om ferdigattest	<a href="#">Les meir her</a>

<p>for dei fleste tiltaka, og kommunen kan med den nye lova påleggje at feil og manglar rettast i fem år etter at ferdigattest er gjeven. Frå 1. juli 2011 skal det først uavhengig kontroll på viktige og kritiske område og oppgåver i alle byggjesaker, til dømes våtrom, konstruksjonstryggleik, geoteknikk og branngryggleik.</p>	
<p><b>Endra habilitetsreglar</b> I Ot.prp. nr. 50 (2008–2009) gjorde KRD framlegg om endringar i forvaltningslova som skjerpar reglane om habilitet for styremedlemmer osb. i offentleg heileigde selskap. Endringane gjeld frå 1. november 2011 og går ut på å oppheve unntaket for offentleg heileigde selskap i forvaltningslova. Dette ber med seg at offentlege tenestemenn og folkevalde, som også er leiar eller styremedlem eller liknande i eit offentleg heileigd selskap, automatisk vil bli ugilde ved handsaminga av ei sak i kommunen der selskapet er part.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p><b>Reviderte reglar om opne møte</b> Stortinget vedtok 14. desember 2010 endringar i reglane om møteoffentlegheit i kommuneloven, jamfør Prop. 152 L (2009–2010). Lovendringane trer i kraft 1. juli 2011. Reglane om møteoffentlegheit har fått ei ny utforming som skal gjere det tydelegare når eit folkevald organ har grunnlag for å lukke møte for offentlegheita. Dei nye reglane om møteoffentlegheit er meir presise og enklare å bruke, og målet med lovendringane er at siktemålet med reglane om møteoffentlegheit skal bli betre ivaretatt i kommunane. Vidare vil auka openheit vere konsekvensen av at det ikkje lenger skal vere muleg å lukke møte når formannsskapet handsamar og gjer innstilling til årsbudsjettet.</p>	<a href="#">Les meir her</a>

## Kunnskapsdepartementet

<p><b>Lovendringar i 2010 på utdanningsområdet</b> 25. juni 2010 nr. 49 Lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (leksehjelp m.m.).</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p><b>Lovendringar i 2010 på barnehageområdet</b> Endring i barnehageloven 19. des 2008 nr. 119.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Endring i barnehageloven 19 juni 2009 nr. 93.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Endring i barnehageloven tilføyd ved lov 18. juni 2010 nr. 26.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p><b>Ny forskrift i 2010 på utdanningsområdet</b> 24. juni 2010 nr. 965 Forskrift om diverse skoler etter voksenopplæringsloven.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p><b>Ny forskrift på barnehageområdet</b> 29. oktober 2010 nr. 1379 Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p><b>Forskriftsendringar i 2010 på utdanningsområdet</b> 16. juni 2010 nr. 839 Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova og til privatskolelova.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>30. juni 2010 nr. 1046 Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova og forskrift til privatskolelova.</p>	<a href="#">Les meir her</a>

<p>7. juli 2010 nr. 1081 Forskrift om endring i forskrift til opplæringslova og forskrift til privatskolelova.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Endringar i læreplanane for Kunnskapsløftet.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p><b>Rundskriv i 2010 på utdanningsområdet</b></p>	
<p>F-10-10 Informasjon om endringer i opplæringsloven og privatskoleloven.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-1-2010 Individuell vurdering i grunnskolen og videregående opplæring etter forskrift til opplæringsloven kapittel 3.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-2-2010 Retten til et godt psykososialt miljø etter opplæringsloven kapittel 9a.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-3-2010 Bruk av alternative opplæringsarenaer i grunnskolen.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-4-2010 Retningslinjer for særskilt tilrettelegging av sentralt gitt skriftlig eksamen i matematikk, kjemi, fysikk og biologi</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-6-2010 Informasjon om leksehjelp på 1.-4. årstrinn i grunnskolen.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-7-2010 Foreldresamarbeid i grunnskolen og videregående opplæring.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-8-2010 Kunnskapsløftet - fag- og timefordeling for grunnopplæringen og tilbudsstruktur i videregående opplæring</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-9-2010 Elevens rett til lærermiddel på eiga målform.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-11-2010 Om forskrift om diverse skoler etter voksenopplæringsloven kapittel 4.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>Udir-12-2010 Informasjon om krav til tilpasning av opplæringen i fellesfagene.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p><b>Rundskriv i 2010 på barnehageområdet</b></p>	
<p>F-01/2010 Statstilskudd til barnehager - nye tilskuddssatser for 2010 mv.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>F-02/2010 Statstilskudd til drift av barnehager.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>F-03/2010 Tilskudd til faste plasser i midlertidige barnehagelokaler.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>F-04/2010 Investeringstilskudd til nye barnehageplasser.</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>F-07/2010 Utmåling av kommunalt tilskudd til ikke-kommunale barnehager (2010).</p>	<a href="#">Les meir her</a>
<p>F-11/2010 Skjønnsmidler til drift av barnehager 2010</p>	<a href="#">Les meir her</a>

## **Landbruks- og matdepartementet**

### **Endringar i stikkprøvekontrollen**

Tidlegare har ein gjennom Statens landbruksforvaltning maskinelt trekt ut 5 pst. av søkjarmassen til stikkprøve-kontroll. Kommunane skal frå søknadsomgangen januar 2011 plukke ut 2,5 pst. av søkjarmassen i eiga kommune til stikkprøvekontroll.

Gjennomføringa av stikkprøvekontrollen utførast som før av kommunen.

[Les meir her](#)  
[og her](#)

## **Miljøverndepartementet**

### **Ny geodatalov**

Lov av 3. september 2010 nr. 56 om infrastruktur for geografisk informasjon (geodataloven) skal medverke til god og effektiv tilgang til offentleg geografisk informasjon (geodata) for offentlege og private føremål. Lova er òg iverksetting av direktiv 2007/2/EF av 14. mars 2007 om etablering av ein infrastruktur for geografisk informasjon i Det europeiske fellesskapet (INSPIRE) i norsk rett. Betre tilgang til geodata er ein føresetnad for god miljøpolitikk og god miljøforvaltning. Geodata som har verknad for miljøpolitikken, skal kunne settast saman og delast på tvers av administrative og organisatoriske grenser.

[Les meir her](#)

Lova pålegg offentlege statlege og kommunale myndigheter å dele geodata, og å samarbeide om den geografiske infrastrukturen. Myndighetene skal opprette og drive eit nettverk av elektroniske tenester for mellom anna söking, syning og nedlasting av geodata. Tenestene skal være tilgjengeleg for ålmenta. Den praktiske oppfølging av tiltak som følgjer av lova vil skje gjennom det etablerte Noreg digitalt samarbeidet.

### **Oppgåver etter naturmangfaldlova**

Naturmangfaldlova har verka sidan 1. juli 2009. Ei oversikt over oppgåver etter lova for dei ulike forvaltningsnivåa, under dette kommunane, er nyleg utarbeida av Miljøverndepartementet og ligg her. Særleg viktig for kommunane er føresegn i naturmangfaldlova kapittel II – alminnelege føresegn om berekraftig bruk. Departementet arbeider med ein rettleiar som vil bli lagt ut på lenka over så snart den ligg føre.

[Les meir her](#)

Departementet arbeider og med forskrifter om prioriterte arter og utvalte naturtypar. Kommunane vil ha ei sentral rolle i forvaltinga av dei utvalte naturtypane, og det vil bli utarbeida ein eigen rettleiar for dette arbeidet. Denne vil òg bli lagt ut på lenka over.

### **Vassforvaltning**

11. juni 2010 godkjende Kongen i statsråd dei første regionale vassforvaltningsplanane i Noreg. Planen skal leggjast til grunn for regionale organ sin verksemد og for kommunal og statlig planlegging og verksemد i vassregionen, jf. vassforskrifta § 29 i plan- og bygningslova § 8-2.

### Fiskeri- og kystdepartementet

#### Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaminga av akvakultursøknadar

Ikraftsetjing av Forskrift 18. mai 2010 nr. 708 om samordning og tidsfrister i behandlingen av akvakultursøknader.

[Les meir her](#)

### Finansdepartementet

#### Kontorstruktur skatteetaten

Regjeringa har gitt skatteetaten fullmakt til å endre kontorstrukturen. Dette inneber ei fullmakt til å leggje ned kontor med færre enn fem tilsette, jf. Prop. 1 S (2010-2011) for Finansdepartementet. Skatteetaten har i dag ein kontorstruktur med mange små kontor, noe som er utfordrande både fagleg og med omsyn til kostnader. Bakgrunnen for fullmakta er å gje skatteetaten moglegheit til ein meir tenleg organisasjon med betre oppgåveløysing og eit jamnare servicetilbod i små kommunar.

[Les meir her](#)

Det er ein føresetnad for fullmakta at skatteetaten i prosessen med å leggje ned mindre kontor har ein dialog med dei aktuelle kommunane om serviceavtale eller ei anna form for lokalt servicetilbod. Arbeidet er i ei fase med planlegging, og det er førebels ikkje tatt avgjerd i skatteetaten om kva for kommunar fullmakta kjem til å bli brukt i. Skatteetaten ynskjer å ha ein god dialog med desse kommunane for å finne formålstenlige løysingar gjennom alternative tenestetilbod.

### Justisdepartementet

#### Ny sivilbeskyttelseslov

Lov 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) blei sett i kraft 1. januar 2011. Lova fører vidare avgjersla om kommunal vernebuingsplikt, sett i kraft 1. januar 2010. I tillegg fører lova vidare kommunen sine plikter som også var regulert i sivilforsvarslova av 1953. Pliktene til kommunen etter lova er summert i § 12 til lova - Kommunens plikter. Dette gjeld avgjersle om kommunen si hjelp til gjennomføring av Sivilforsvarets oppgåver og tiltak, som eksempelvis å stille rom og kommunal grunn til rådvelde ved utdannings- og øvingsformål for Sivilforsvaret, ivareta oppgåver i samband med lagring og vedlikehald av Sivilforsvarets materiell, byggje, utstyre, innreie og vedlikehalde offentlege tilfluktsrom samt planlegging og støtte ved gjennomføring av evakuering.

[Les meir her](#)

#### Ekstraordinære val av medlemmer til lekdommerutvala

Etter lovendringar 25. juni 2010 nr. 47 bestemmer domstollova §

[Les meir her](#)

66a at kommunane, på bestilling frå domstolleiarane, skal foreta ekstraordinære val av medlemmer til lekdommarutvala undervegs i ein valperiode. Endringane vil få verknad for nokre kommunar, men er berre meint å bli brukt unntaksvis der domstolane får eit uventa behov for fleire lekdommarar i løpet av ein valperiode. Vidare er tidspunkta for dei ordinære vala flytta, slik at domstolane og utvalsmedlemmene blir gitt tid til å innrette seg etter vala, sjå domstollova §§ 64, 65, 66 og 69. For å sikre ein smidigare prosess ved valet av skjønnsmedlemmer i fylkeskommunane, er dessutan fristreglane i skjønnsprosesslova lausrivne frå reglane om val av lekdommarar, sjå skjønnsprosesslova § 14.

#### **Ny verjemålslov**

Stortinget vedtok våren 2010 ny verjemålslov (LOV 2010-03-26 nr 09: *Lov om vergemål (vergemålsloven)*). Etter den nye lova skal dagens ordning med kommunale overformynderi avviklast og ny lokal verjemålsmakt skal leggast til fylkesmennene. Forskriftene til lova vil snart bli sendt på høyring.

Lova skal gjelde frå det tidspunkt Kongen fastset. Iverksettingstidspunktet vil avhenge av naudsynte løyvingar i statsbudsjettet. Kommunane må vere førebudd på ei prolongering av dei kommunale overformynderia også inn i neste valperiode frå 1. januar 2012.

Justisdepartementet har frå 1. januar 2011 starta eit prosjekt som vil planlegge overføringa frå kommune til stat. Fylkesmennene vil ha ansvaret for dialogen med kommunane når det gjeld oppfølging av denne saka.

[Les meir her](#)

**Oversikt over bilaterale samarbeidsavtaler i  
konsultasjonsordningen  
per januar 2011**

<b>Avtaler om velferdstjenester (kvalitet/tjenestutvikling)</b>		<b>Parter</b>	<b>Inngått</b>	<b>Utløper/status</b>	<b>Første avtale inngått</b>
1	Avtale om utvikling av barnevernsområdet	BLD og KS	19.08.2008	Reforhandling pågår	2005
2	Avtale om kvalitetsutvikling i helse- og omsorgstjenestene	HOD og KS	21.09.2006	Midlertidig forlenget i 2011	2003
3	Samarbeidsavtale om boligsosialt arbeid	KRD samordn. (AD, HOD, BLD, JD) og KS	24.09.2007	Reforhandling pågår	2005
<b>Avtaler om samhandling mellom ulike deler av forvaltningen</b>					
4	Avtale om bosetting av flyktninger i kommunene	JD, BLD og KS	15.05.2007	Midlertidig forlenget i 2011	2004
5	Nasjonal rammeavtale om samhandling på helse- og omsorgsområdet	HOD og KS	21.06.2007	Midlertidig forlenget i 2011	
6	Samarbeidsavtale om styrket samarbeid NAV og utdanningsmyndighetene i k/fk**	AD og KS	02.05.2007	Midlertidig forlenget i 2011	
<b>Avtaler om samfunnsutvikling</b>					
7	Samarbeidsavtale om landbruks- og næringsutvikling i kommunesektoren	LMD og KS	01.01.2010	31.12.2012	2006